



Mona Hagewick

Hopsdalsvegen 14
5915 HJELMÅS

Dykkar ref. Sakshandsamar:
Linda Folkestad

Vår ref. Telefon
2013/3234 - 0 - 56375170
23730/2013

Arkivkode: Dato:
194/34 18.10.2013

Løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg for 1 bustadeining, Gbnr.194/34

Teknisk drift, VVA, syner til brev datert 07.10.13 vedr. søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg, Gbnr.194/34. Teknisk drift, VVA, vil gje løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 1 bustadeining på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsler frå offentleg veg som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg, Veglova §§40-43, vegnormal 017 og handbok 231 (avsnitt om sikkerheitssoner omtalt i vegnormal 017 avsnitt C.3.4.2). Det vert blant anna sett krav til utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle, samt at ein skal snu på eigen grunn.

Ytterligere informasjon om tekniske krav finn ein i forskrift av 1964 og Veglova på www.lovdata.no og vegnormal 017 og handbok 231 på www.vegvesen.no

Ei eventuell utbetring av avkjørsle er søknadspliktig etter plan og bygningslova.

Det er Veglova §§40-43, forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehald av avkjørsler frå offentleg veg, vegnormal 017 som gjev heimel for at vegmynde skal setje krav til avkjørsler frå offentleg veg. Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve Veglova med tilhøyrande regelverk og ikkje dei rettar De har ovanfor eventuelle grunneigarar. Løyve er gjeve i samsvar med gjeldande regelverk og på vilkår som nemnt ovanfor.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. lov om offentleg forvaltning. Klagefrist er 3 veker frå den dag De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til den etat som har gjort vedtaket. I klagen skal det komme fram kva som vert påklaga (vedtaket) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing


for

Arne Eikefet
einingsleiar teknisk drift


Linda Folkestad
Linda Folkestad
saksbehandlar teknisk drift

Kopi til:
Anne Lise Molvik





- Målte Grenser
- Registrerte Grenser
- Udefinerte grenser
- Forretningsgrense
- Konstruert grensepunkt
- Bolig
- Bustad m/teilhøhet
- Våningshus
- Større bustader
- Hytte/feriehuis
- Garasje/uthus
- Industri/lager
- Andre bygg



Lindås kommune
Geodata avdeling



Dato: 2013.10.01
Stør: 1:500

Målestokk
1:500

Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.